



Kluge Advokatfirma AS  
Knut Hausken Magnussen  
Postboks 394 Sentrum  
5802 BERGEN

Dykkar ref.: 320777-003\1915754\1\knma    Vår ref.: 17/197-17    Arkivkode: K1 - 205    Dato: 24.11.2017

### **Vedkjem tilbud frå Sørvest Bompengeselskap AS – kjøp av aksjar i Voss og omland bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS**

Viser til Sørvest Bompengeselskap AS sitt tilbod om kjøp av Granvin herad sine aksjar i Voss og omland bompengeselskap og Hardangerbrua AS dagsett 8.november 2017. Tilbodet er oversendt frå Adv. firma Kluge v/ advokat Knut Hausken Magnussen. Tilbodet har vedlagt framlegg til aksjekjøpsavtale. Transaksjonen er planlagt gjennomført 02.01.2018. Vederlaget som er tilbode er i samsvar med avtale inngått mellom Voss og omland bompengeselskap og Hardangerbrua AS og Statens Vegvesen om tilbakebetaling av aksjekapital.

I samband med ynskje om å effektivisere innkrevjinga av bompengar har ein gjennomført ein prosess på Sørvestlandet. Denne prosessen har enda opp i at Sørvest Bomvegselskap As er stifta. Parallelt med denne prosessen om å effektivisere innkrevjinga av bompengar ynskjer Statens Vegvesen å endre takst- og rabattsystemet.

Granvin heradsstyre gjorde fylgjande vedtak 14.6.17 i innspel til høyringa som vart gjennomført i samband med omorganiseringa av bompengeselskapa:

- 1. Granvin herad stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskap.*
- 2. Granvin herad stiller seg undrande til at nytt takst- og rabattsystem ikkje på ein betre måte ivaretek behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga.*
- 3. Granvin herad oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.*

Omlegging av bompengeselskapa er nært knytt til nytt takst og rabattsystem. Granvin herad meiner at den skisserte rabattordninga ikkje godt nok ivaretek lokaltrafikk og pendlarar slik vedtaket i heradsstyret føreset. Ein vil difor måtte politisk handsama saka på nytt.

Det betyr i praksis ny handsaming i formannskapet før oversending til heradsstyret. Dette kan tidlegast skje i løpet av januar/februar 2018.



Det går fram av tilbudet at dette er gjeve under føresetnad av at samlege aksjonærar aksepterer tilbudet. I ei ny saksutgreiing til politisk handsaming vil dette vera eit vesentleg moment å ta inn i vurderinga.

Konklusjonen no er derfor at Granvin herad har trong for meir tid til ny politisk handsaming av saka.

Med helsing

Ingebjørg Winjum  
Ordførar  
Telefonnummer: 40403863

Trude Hoflandsdal Letnes  
Rådmann  
Telefonnummer: 41679533

**Kopi til:**

Eidfjord kommune

Hordaland Fylkeskommune

Kvam herad

Ullensvang herad

Ulvik herad

Vik kommune

Voss kommune

Simadalsvegen 1

Samferdsleavdelinga

Grovagelet 16

Sandvikevegen 11

Skeiesvegen 3

Postboks 134

Postboks 145

5783

5020

5600

5780

5730

6891

5701

EIDFJORD

BERGEN

NORHEIMSUND

KINSARVIK

ULVIK

VIK I SOGN

VOSS